



Referat frå kommunemøte torsdag 31.03.2022

Deltakarar: Statsforvaltaren, kommunane, Haraldsplass diakonale sjukehus, Helse Bergen, Helse Førde, fylkeskommunen, KS, Røde Kors Sogn og Fjordane, Røde Kors Hordaland, UDI, NAV Vestland, Vest politidistrikt.

Ikkje til stades: Helse Fonna, Sivilforsvaret, Fitjar, Gulen, Stad, Sveio, Tysnes, Ullensvang, Voss, Årdal.

Innhald

1.	Overordna biletet	1
2.	Orientering frå UDI region vest	2
3.	Orientering frå Vest politidistrikt	2
4.	Første erfaringar frå mottak av ukrainske flyktingar i Bergen kommune.....	2
	Helse v/Marit Voltersvik, smittevernoverlege	2
	Skule v/Mona Fåberg, rektor ved Ortun skole og Lynghaugparken innføringstilbod	3
5.	Vidaregåande innføringstilbod, Vestland fylkeskommune	3
	Skuletilbod på Tertnes vgs.....	3
	Opptak til vgs-opplæring for ukrainske flyktingar?.....	3
6.	Helse	4
	Helsehjelp til flyktingar i preregistreringsfasen	4
	Helsehjelp til flyktingar i kommunar med dårlig kapasitet i fastlegetenesta	4
	Hersedirektoratets webinar for kommunane.....	5
7.	Atomberedskap	5
8.	Rettleiar til kommunane om jod-beredskap ved atomhendingar.....	5
9.	Retting frå UDI – finansiering av tuberkuloseundersøking for ukrainarar.....	5
10.	Spørsmål til møtet	6

1. Overordna biletet

- I dag er det fem veker sidan Russland gjekk til angrep på Ukraina.
- UDI sa i møte i går ettermiddag at 4 millionar har flykta ut av landet, og over 2 millionar er på flukt internt. Polen har over halvparten av flyktingane. UDI sa og at relokalisering frå Moldova kan kome ganske raskt.
- IMDi streka i same møte under kor viktig kommunane si evne til å bygge busetjingskapasitet er. Det har aldri før vorte busett så mange på så kort tid som det no blir rigga for.
- Fristen for kommunane til å svare på oppmodinga om buseting til IMDi er i dag, og dei håper å ha noko klart å melde om fredag. IMDi planlegg webinar for kommunane.



2. Orientering frå UDI region vest

Oscar Nilssen orienterte om status, prognosar og etablering av nye mottak i Vestland. Digital søknadsløysing for alternativ mottakslass (AMOT) skal vere klar i løpet av kort tid.

Sjå presentasjonen frå UDI for orienteringa som ligg vedlagt utsendinga av referatet.

3. Orientering frå Vest politidistrikt

Trond Sekkingstad, leiar felles eining for utlending og forvaltning

- UDI sitt innlegg er dekkande for omfanget av arbeidet til politiet. Har bemanna opp for å sikre arbeidet med asylregistreringar.
- Etablerer registreringssenter i Førde, for registrering av ukrainske flyktingar som oppheld seg/er innkvartert privat i Sogn og Fjordane.
- Lagar eige system for preregistrering i Hordaland.
- Ventar på at nasjonal timebestillingsløysing for registrering av asylsøknad kjem på plass.
- Tal preregistreringar ved mottakssenteret på Kokstad har gått noko ned siste tida, legg det til grunn for vidare prognosar.

Arne Johannessen, GDE-leiar Sogn og Fjordane

- Har etablert registreringssenter i Førde, første registreringar vart gjennomført onsdag.
- For Sogn og Fjordane: preregistrering skal skje ved lokalt politikontor, registreringssenteret i Førde kallar fortløpande inn til registrering.
- Det er viktig å etablere god dialog mellom kommunane og lokalt politi, og det vert arbeidd med gode ordningar for dette. Vurderer fortløpande behov for ekstra ressursar.

Registreringssenteret i Førde har ikkje tilbod om innkvartering for flyktingar utan oppholdsstad. Dersom det kjem flyktingar til fylket som ikkje har eigen/privat innkvartering, skal dei til Scandic Kokstad i Bergen.

4. Første erfaringar frå mottak av ukrainske flyktingar i Bergen kommune

Helse v/Marit Voltersvik, smittevernoverlege

Er kjend med at Ukraina har høg førekommst av hjarte- og karsjukdomar, KOLS, kreft og mental helseutfordring. Ser ein del av desse helseutfordringane hjå eldre som kjem saman med yngre. Det vert gjort fortløpande helsekartleggingar via skjema frå Senter for migrasjonshelse (SEMI). Er også kjend med nyleg større mesling- og polioutbrot i deler av Ukraina seinare år. Kartlegg og vaksinerer borna fortløpande. Erfaringane så langt er at helseutfordringane er større enn ein hadde sett føre seg.

Ønskjer likevel å roe ned når det gjeld tuberkulosesituasjonen. Ut frå estimert mottak av 35 000 flyktingar nasjonalt, tilseier førekomensten i Ukraina at det vil kunne vere snakk om smitte hjå ni vaksne og fem born som kjem til Noreg. Det gir ikkje grunn til uro. Det er og tilfelle av tuberkulose hjå andre enn flyktingar til vanleg. Tuberkulosekontroll vert følgt opp både for flyktingane med og utan D-nummer og alle får dokumentasjon på gjennomført test. Med D-nummer får kommunen der vedkomande bur informasjon/testsvær.



Statsforvaltaren i Vestland

Skule v/Mona Fåberg, rektor ved Ortun skole og Lynghaugparken innføringstilbod

Skuletilbodet som Bergen kommune gir til ukrainske born starta opp for ei veke sidan og held til i avlastningsskule. Det var 60 elevar ved oppstart i førre veke, er no oppe i 128 elevar. Kan hende vert det 200 elevar i slutten av neste veke. Har rekruttert 18 lærarar internt i Bergen kommune som ønskjer å bidra, det sikrar kvalitet og at alle har politiattest. Tre tilsette snakkar russisk/ukrainsk og dei har ein tilkallingsvikar som òg snakkar ukrainsk.

Om lag halvparten av elevane har ukrainsk som morsmål, og halvparten russisk. Har ingen russiske tilsette, men eit par frå Litauen og Moldova som snakkar russisk. Dei fleste foreldra er komfortable med russisk og det fungerer for denne elevmassen.

Elevane meistrar elevrolla godt, er fagleg sterke og er godt vande med skule. Opplever nokre utfordringar knytt til forventningar til opplæringstilbod, foreldra er opptekne av læring. Norsk modell vert følgt med sterk merksemd på norskopplæring. Opplæring i morsmål er ikkje sett i gang enno, er på veg.

Samla sett har det likevel vore få utfordringar fram til no. Møter stort sett glade born og takknemlege foreldre. Dette er vanlege born/ungdomar med tilsvarande utfordringar som andre born.

Får svært mange tilbod frå personar som ønskjer å jobbe eller bidra frivillig på skulen. Det er krevjande å administrere, og veldig mange som tek kontakt må avvisast. Alle stillingar vert lyst ut på vanleg måte. Erfarer at det går raskt å få politiattest for nye tilsette.

5. Vidaregåande innføringstilbod, Vestland fylkeskommune

Odd Bjarne Hammersvik Berdal, regionleiar opplæring og kompetanse

Skuletilbod på Tertnes vgs

Oppstart av innføringstilbod mandag 28.mars. Deler mange av dei same erfaringane som kommunen. Dette er skulevante ungdomar som er lærevillige og ambisiøse. Nokre av elevane kjem til skulen åleine, andre har følgje av foreldre eller andre eldre.

Det er ikkje heilt samsvar mellom utdanningssistema i Ukraina og Norge med tanke på årskull og skulegang, så opplæringstilbodet krev litt tilrettelegging. Nokre av elevane kjem til skulen åleine, andre har følgje av foreldre eller andre eldre.

Har ikkje opplevd same trykk som Bergen kommune har erfart. Det er ei utfordring å få oversikt over ungdomane som treng opplæringstilbod og kva behov dei har. Har til no fylt opp ei klasse på 30 elevar, ny klasse startar opp mandag 4. april. Lokale og kapasitet er ei utfordring, men jobbar med dette. Er også ein del utfordringar med å få tilsett lærarar.

Mange av elevane er opptekne av det formelle og at dei får eit tilbod som kvalifiserer. Presiserer at dette er eit innføringstilbod/hospitantopplegg og ikkje ein formell skuleplass no, men som gir kompetanse til skulestart til hausten. Fagtilbodet er norsk, matematikk, engelsk, kroppsøving og samfunnsfag, tilpassa nivå og alder. Kommuniserer godt med elevane på engelsk.

Opptak til vgs-opplæring for ukrainske flyktninger?

Nasjonal søknadsfrist er passert. Håpar på avklaringar frå nasjonale styresmakter om kva som skal skje med desse elevane og deira opplæringstilbod for hausten. Må få på plass eit meir formelt og kvalifiserande undervisningstilbod etterkvart.



Statsforvaltaren i Vestland

Det er viktig å kome i gong med eit tilbod og gjere seg erfaringar undervegs. Er ikkje eit formelt utdanningstilbod, men gir kompetanse til å kunne starte på ordinær undervisning til hausten. Inntak så langt byggjer på lister frå driftsoperatør for akuttinnkvartering/mottak. Må jobbe med å få oversikt over kven tilboden er aktuelt for, og korleis informere målgruppe. Førebels berre tilbod på Tertnes VGS. Har dialog med andre skular, kanskje aktuelt å utvide med yrkesfag i Åsane på sikt, i Bergen Sør og eventuelt i Florø.

Spørsmål frå chat: Er tilboden på Tertnes vgs for busette i Bergen eller er det ope for ungdommar frå t.d. Nordhordland?

Svar/Berdal: Prøver å fylle opp ledige plassar så langt som mogleg. Ønskjer å nytte kapasiteten fullt ut. Viktig å nå ut med informasjon om tilboden til alle som treng det.

6. Helse

Helsehjelp til flyktningar i preregistreringsfasen

Vi har sendt inn spørsmål til Helsedirektoratet om finansiering av helsehjelp til flyktningar i preregistreringsfasen. Vi har bede om avklaring av kva plikt kommunane har til å yte helsehjelp til denne gruppa. I kva grad det vert forventa at kommunane krev betaling frå dei, og om eventuelle utgifter kan søkjast refundert. Denne problemstillinga gjeld både helseføretak, kommunar og apotek. Som vi opplyste om sist veke er vi kjend med at Helsedirektoratet har utarbeidt utkast til mal for helseavtale i preregistreringsfasen, og denne er no levert til UDI. Vi ventar på nærmare avklaring av spørsmåla.

Vi held fast ved at flyktningar skal ha tilgang til nødvendig helsehjelp sjølv om dei ikkje har fått D-nummer, og at manglande betalingsevne ikkje må stå i vegen for dette.

Helsehjelp til flyktningar i kommunar med dårleg kapasitet i fastlegetenesta

Statsforvaltaren i Møre og Romsdal har stilt spørsmål til Helsedirektoratet om helsehjelp til flyktningar i kommunar med dårleg kapasitet i fastlegetenesta. Kommunane har ansvar for å tilby alle som bur eller oppheld seg i kommunen nødvendige helse- og omsorgstenester jf. helse- og omsorgstenestelova § 3-1. Asylsøkjarar og flyktningar (registrerte) har same rett til helsetenester som innbyggjarane elles. Dersom kommunen ikkje har ledig fastlegekapasitet, er det opp til kommunen korleis helsetilboden til flyktningar er organisert, så lenge det er forsvarleg, jfr helse- og omsorgstenestelova § 4-1. Helsedirektoratet finn det naturleg at kommunen går i dialog med sine fastlegar og legevakter og finn forsvarlege løysingar. Det vil vere naturleg å eventuelt prøve samarbeid med nabokommunar ved kapasitetsvanskar i eigen kommune. Ved vanskar med å etablere helsetilbod grunna mangel på personell, må Statsforvaltaren kontaktast.

Statsforvaltaren i Møre og Romsdal har også spurta om kven som skal vere mottakar av epikrise i dei tilfelle der fastlege ikkje er tildelt. Dette kan vere særleg aktuelt for pasientar frå Ukraina som har fått helsehjelp ved ankomst eller like etter. Etter Lov om helsepersonell skal epikrise sendast til innleggande eller henvisande helsepersonell, til det helsepersonellet som treng opplysningar for å kunne gi pasienten forsvarleg oppfølging, og til den faste legen til pasienten.

Helsedirektoratet tilrår at kommunen har ein rutine for mottak av epikrise for pasientar som ikkje har fastlege. For pasientar som har behov for vidare oppfølging i kommunen etter utskrivning, kan det oppretta kontakt mellom spesialisthelsetenesta og kommunen i forkant av utskrivning. §§ 25 og 45 i lov om helsepersonell gjev unntak frå tieplikt i slike tilfelle. Desse pasientane bør rutinemessig også få med seg papirkopi av epikrise. Pasientar med D-nummer vil ha kjernejournal tilgjengeleg.



Helsedirektoratets webinar for kommunane

- Opptak av webinar om helseutfordringar blant flyktningar og helserettar:
<https://www.helsedirektoratet.no/konferanser/helseutfordringer-blant-ukrainske-flyktninger-og-helerettigheter>
- Opptak av webinar om helse-, utdannings- og fritidstilbod til born på flukt frå Ukraina:
<https://www.helsedirektoratet.no/konferanser/helsetjenester-til-barn-og-unge-fra-ukraina>

7. Atomberedskap

Oppdatert informasjon frå DSA:

- Krigshandlingane gir framleis auka risiko for hendingar.
- Alt i alt er 8 av 15 reaktorar i Ukraina operative.
- Russiske styrkar har framleis kontroll på Tsjernobyl og Zaporizhzhya, ukrainsk personell driftar anlegga men er under press, over ei veke sidan sist byte av personell.
- Bekymring frå ukrainske myndigheiter knytt til Tsjernobyl-anlegget, at russiske styrkar er til stades og lager av ammunisjon i forbodssona rundt anlegget. Ukraina krev at FNs tryggleiksråd tek grep for å demilitarisere Tsjernobylsona for å eliminere risiko.
- Skogbrannsesongen i ekslusjonsona rundt Tsjernobyl er i gang.
- Strålingsnivåa er som normalt.

8. Rettleiar til kommunane om jod-beredskap ved atomhendingar

Helsedirektoratet, Direktoratet for strålevern og atomtryggleik (DSA) og Statens legemiddelverk (SLV) har laga ein rettleiar til kommunane om jod-beredskap ved atomhendingar. Rettleiaren gir informasjon om jod-beredskap ved atomhendingar, ansvaret til kommunen og praktiske råd om korleis kommunane kan etablere jod-beredskap i tråd med tilrådingane frå Kriseutvalget for atomberedskap. Dei viser òg til informasjon på dei tre respektive nettsidene deira; dsa.no, helsedirektoratet.no og legemiddelverket.no, som vert oppdatert fortløpande.

Rettleiaren har òg lenker til:

- Forslag til mal for samtykke jodtablettar.
- Forslag til skjema for dokumentasjon av samtykke og utdelte jodtablettar.
- Informasjon til føresette om utdelte jodtablettar.

Helsedirektoratet varslar at kommunane vil få eit nytt brev innan kort tid med spørsmål om status for den etablerte jod-beredskapen, med svarfrist via Statsforvaltaren fredag 8. april 2022. Undersøkinga har som føremål å kartlegge om kommunane har system som sikrar jod-beredskap jf. tilrådingane.

9. Retting frå UDI – finansiering av tuberkuloseundersøking for ukrainarar

UDI sendte melding i går om ein feil i informasjonen som gjekk ut ti kommunane 15. mars, om etablering og finansiering av tuberkuloseundersøking for ukrainarar. I det opphavlege informasjonsskrivet stod det at UDI har ansvar for å melde frå til kommunane, ved å sende lister over personar som har fått D-nummer og er klare for tuberkuloseundersøking. Det rette er at politiet har ansvar for å gi melding til helsestyresmakt om namn og adresse for at tuberkuloseundersøking skal gjennomførast i tråd med forskrift om tuberkulosekontroll, jf. utlendingsforskriften § 4-22 og [UDI 2010-096 \(udiregelverk.no\)](#)



Statsforvaltaren i Vestland

UDI beklaga òg at dei bad om at Helsedirektoratet (via Statsforvaltarane) innhenta informasjon om kontaktpersonar i kommunane som UDI skulle sende listene til.

Dei understrekar at informasjonsskrivet gjeld for kommunar i politidistrikta der politiet har etablert desentraliserte registreringssenter for ukrainske asylsøkarar, m.a. våre politidistrikt (Vest og Sør-Vest). Vi sender ut revidert informasjonsskriv etter møtet.

10. Spørsmål til møtet

Kvinnherad kommune v/Gunn Tove Petterteig:

«Vi har alle kommunane fått eit oppdrag i å ha tilsyn med bustadar som skal nyttast av flyktingar. Det gjeld brann tryggleik og så reknar eg med i tilsyn ligg og om bustaden er skjønnsmessig «brukande». I tillegg har vi internt hatt drøfting omkring politiattest, kan vi be om det eller ikkje?»

Mitt spørsmål er: Kan Statsforvaltaren laga ei sjekkliste som vi kan nytta til dette arbeidet? Dette er truleg aktuelt for alle kommunar og det kan vera greitt å vera nokolunde samkjørt på dette».

Svar: Vi har undersøkte med Vest politidistrikt, som seier at det per no ikkje er høve til å be om politiattest for slike tilfelle. Kommunen må gjere gode vurderingar i den situasjonen vi står i. God kontakt med lokalt politi er kanskje litt av løysinga.

Vi ser på om vi kan hjelpe til med å leite etter ei sjekkliste, eventuelt lage ei, slik det er spurt om.

Spørsmål frå chat i møtet

Sunnfjord kommune v/Jan Birger Moe: *«Vi har ikkje oppfordra folk frå Ukraina som har budd i området (frå før oppstart krigen), om å melde seg for registrering hos politiet. Derfor veit vi ikkje kor mange som opphalder seg her. Bør vi ta eit større initiativ på dette no? (Bruke media m.v.)»*

Merknad/svar til referatet: Arne Johannessen viser til det han sa i si orientering, om at lokalt politi og kommunen må ha tett dialog.

Øygarden kommune v/Thomas Bekkenes: *«Ikke direkte relatert til Øygarden kommune, men har hørt mye negative tilbakemeldinger fra personer i forhold til at i Bergen så må dyrene til personer som kommer fra Ukraina sove i bilene og ikke på hotell sammen med eiere. For disse kan vel dyrene være tilnærma følelsesmessige støttedyr. Problem andre steder på Vestland?»*

Kommentar frå Statsforvaltaren til referatet:

Det er UDI som har ansvar for akuttinnkvartering på hotell for registrerte flyktingar, med driftsoperatør som t.d. Hero. I Vestland er det så langt hovudsakleg i Bergen det er oppretta akuttinnkvartering på hotell for registrerte flyktingar.

Vi kan ikkje uttale oss om kva reglar som gjeld for å ha kjæledyr på akuttinnkvarteringar i regi av UDI. Men vi vil nytte høvet til å minne om at Mattilsynet må kontrollere alle kjæledyr som ukrainske flyktingar har med til Noreg, for å minimere risikoien for spreieing av sjukdomar som rabies, og eventuelt setje kjæledyra i karantene etter gjeldande føringar.

Mattilsynet har gjort fleire unntak frå regelverket slik at flyktingar frå Ukraina kan få med kjæledyra sine inn i Noreg. Mattilsynet dekker òg kostnadane for behandling, prøvetaking og eventuell karantene.



Statsforvaltaren i Vestland

Vi oppmodar om å bidra til å spreie informasjonen frå Mattilsynet til ukrainske flyktnigar som kjem til landet med kjæledyr. [Her er oppdatert informasjon på norsk, engelsk og ukrainsk](#) om gjeldande reglar for personar som har flykta frå Ukraina med kjæledyr. Plakat med informasjon og QR-kode [finns her](#).